



No er det rydda heilt fram til bekken i Kvednavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er det rydda fram til bekken i Kvednavikjo, medan vegetasjonen framleis står som ein vegg gjennom Ljosneslia. Dei vegfarande (og grunneigarane) bør samanlikna dei to strekningane, då skjønar dei kor viktig ryddinga er. Utsynet på den fine plassen i Uskedalen er så fascinerande at ein nesten gløymer å sjå på vegen, medan ein blir snytt for panoramaet mot Rosendal innanfor Ljosnes.

I eit innlegg i lokalpressa anbefaler Trond Holmedal i Søre Kvinnherad Skogeigarlag at omgrepet ”grønn tunnel” blir fjerna. Han meiner det kjem an på kven som ser når det skapast eit bilete av at tilhøva langs kvinnheradsvegana er ein jungel.

Men Holmedal har ein honnør til alle som siste året har begynt å rydda langs vegane. Han har med glede registrert lang fleire plasser som er rydda enn dei som er nevnt i media.

Holmedal kjem med framlegg om å lage ein rettleiar om korleis arbeidet kan utførast og kva omsyn ein bør ta. Han varslar at skogeigarlaget vil arbeide vidare med prosjektet og ber dei som vil engasjere seg om å ta kontakt med Geir Enes (tlf. 99521089).

Holmedal minnar i ei oppsummering blant anna om at ein tilsett frå Vestskog er knytt opp til prosjektet, at ein jordbruk- og skogbrukssjef står på for næringane, at politikarar er ekstra engasjerte, at eit samla kommunestyre har vist at dei støttar skogbruket og at det er god støtte å få også i lokalavisene.

Av Ola Matti Mathisen



- medan vegetasjonen framleis står som ein vegg gjennom Ljosneslia. (Foto: Ola Matti Mathisen)